


# KULTURPOSTEN

## FEBRUAR 2019

Informasjonsskriv frå kulturadministrasjonen i Radøy kommune



Elleva adværinger gjennomførte kurset for treningskontaktar, og er no klare til oppdrag. Kurset var eit samarbeid mellom Radøy idrettsråd, Hordaland idrettskrets og Radøy kommune.



**RADØY**  
den grøne øya

# KULTURPOSTEN FEBRUAR 2019

## Tilskotsordningar - Radøy kommune

### Prosjekt- og aktivitetstilskot

Lag og organisasjoner kan søkja tilskot til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som underskotsgaranti eller direkte tilskot.

For søkerdokumentasjon og meir informasjon, sjå

<https://www.radoy.kommune.no/innhald/natur-kultur-og-fritid/prisar-idrett-og-stipend/>.

**NB: Søknadsfrist er 1. mars**

### Midlar til integrering- og inkluderingsstiltak

Lag og organisasjoner kan søkja om midlar til inkluderings- og integreringstiltak i Radøy kommune. Tilskotsordninga har som føremål å stimulera til deltagning i kultur- og fritidsaktiviteter for menneske med særskilte behov, samt for flyktningar og innvandrarár, som har behov for særskilt tilrettelegging for integrering i lokalsamfunnet. Tiltak retta mot barn og unge vert prioritert.

Det kan søkjast om midlar til:

- arrangement som krev særskilt tilrettelegging for deltagning for målgruppene.
- andre tiltak i tråd med målsettinga for tilskotet kan vurderast særskilt.

Det vert ikkje løyvd midlar til å dekka lovpålagte tenester over tilskotsordninga.

Det er kr 40 000 til fordeling kvart halvår. **Søknadsfrist er 1. mars.**

Søknad kan sendast Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

### Leiaropplæring (Radøy kommune)

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjoner til å dekka utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenrarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. Søknadsfrist heile året. Det er ikkje utarbeidd skjema for tilskotsordninga. Søknadsfrist heile året.

Søknad kan sendast:

Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger eller på e-post til [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)

# KULTURPOSTEN FEBRUAR 2019

## Tilskotsordningar - Hordaland fylkeskommune

### Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom

Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa. Tiltaka skal gje ny kompetanse og overføringsverdi til andre kommunar og organisasjonar. Søknadsfristen er 15. februar.

For søknadsskjema og meir informasjon om søknadsordninga, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/fysisk-aktivitet/tilskot-til-lavterskel-fysisk-aktivitet-for-born-og-ungdom/>

### Friluftslivets ferdsselsårer

Målet med ordninga er at den enklaste form for friluftsliv, vandring i naturområde, skal bli lett tilgjengeleg for alle. Dette skal gjerast ved å betre kunnskapsgrunnlaget, fremja planlegging av samanhengande nettverk av friluftslivets ferdsselsårer (turvegar, turstiar og turløyper) i kommunane, opparbeida og rehabilitera ferdsselsårer i friluft, og skilting og merking av desse. Søknadsfrist er 15. februar.

For meir informasjon og søknadsskjema, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/friluftslivets-ferdselsarer/>

### Tilskot til lokale kulturygg

Tilskot til lokale kulturygg skal vera med på å etablera eigna lokale, bygningar og utearena som gjev rom for ulik kulturell verksemد i Hordaland. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av kulturygning, men ikkje til vedlikehald eller drift. Les meir om tilskotsordninga på Hordaland fylkeskommune sine nettsider:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-lokale-kulturygg/>

Søknad om støtte til lokale kulturygg skal registrerast i anleggsregisteret.no. Om anlegget ikkje har eige nummer, må kommunen oppretta dette.

Søknadsfrist i Radøy kommune er 1. april.

Kontaktperson i Radøy kommune er Bente K. Hervik tlf. 56349012/ e-post: [bente.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.hervik@radoy.kommune.no).

### Prosjektilskot - kultur, amatør og profesjonell

Hordaland fylkeskommune deler ut midlar til kulturtiltak både for profesjonelle og amatørar. Amatør: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kulturtak---amatør/>

Profesjonell: <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-kunst-prosjekt-og-kulturtiltak---profesjonell/>

**Søknadsfrist for begge ordningane er 1. mars.**

# KULTURPOSTEN FEBRUAR 2019

## Tilskotsordningar - private

### **ExtraStiftelsen**

Extrastiftelsen gjev støtte til helse- eller forskingsprosjekt. Dersom du ynskjer å søkja må du anten vera godkjend som søknadsorganisasjon av Extrastiftelsen, eller samarbeida med ein av dei godkjende sokjarorganisasjonane. Søknadsfrist er 15 mars.

For meir informasjon, sjå <https://www.extrastiftelsen.no/>

### **SR-bank**

Sparebankstiftelsen SR-Bank deler ut gåver til allmennytige føremål i Agder, Hordaland og Rogaland. Prioriterte formål er idrett og kultur. Søknadsfrist er 19. mars.

For meir informasjon, sjå <https://srstiftelsen.no/>

### **Sparebanken Vest - Allmennytige midlar**

Sparebanken Vest deler ut midlar til allmennytige føremål Deira satsingsområde er oppvekst og utdanning, næring, idrett og kultur.

Søknadsfrist er 1. april.

For meir informasjon, sjå <https://www.spv.no/om-oss/samfunnsansvar/allmennytige-midler>

### **Storebrand "Vi heier på"**

«Vi heier på»-konkurransen fordeler årleg økonomisk støtte til ulike samfunnsnyttige prosjekt i inn- og utland. Prosjekta skal vera prega av mot og evne til å tenka nyt og annleis, og vera til glede og nytte for initiativtakarane og dei prosjektet rettar seg mot. Søknadsfrist er 1. april.

<https://www.storebrand.no/om-storebrand/vi-heier-pa-konkurransen>

### **Framgang sammen - Sbanken**

"Framgang sammen" støttar idear som gjer at barn og unge i Noreg ikkje opplever utanforskap. Dei støttar prosjekt som bidrar positivt til born og unge si utvikling og samfunnsintegrering. Målet er eit trygt og godt samfunn, der ingen born opplever å stå utanfor. Dei støttar heller fleire små enn nokre få store prosjekt. Neste søknadsfrist er 21. april 2019.

Les meir på: <https://sbanken.no/framgang-sammen/dette-gir-vi-stotte-til/>



RADØY KOMMUNE  
Kultur- og sørivistorget